

## Saksframlegg

Dato                      Referanse                      Saksbehandlar  
06.06.2024                      24/7306- 12                      Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
11/24	Vestlandsrådet - arbeidsutval	13.06.2024

## Drøftings sak - Arendalsuka opplegg arrangementet 12.08.2024

Vestlandsrådet - arbeidsutval 13.06.2024 - sak 11/24

### Behandling

#### Vedtak:

Administrasjonen ved Iver Jan Leren la fram skisse til opplegg, inkludert;

- fagleg innhald og innleiarar
- samarbeid med Norsk Hydrogenforum
- marknadsføring av arrangementet gjennom kjøp av pakke gjennom DN
- avslutte med paneldebatt der fylkesordførarar deltar

Opplegget vart understøtta og vedteke av Arbeidsutvalet.

I tillegg kom AU med følgjande oppfordringar:

- Administrasjonen vurderer å lage ein meir «provoserande» tittel.
- Alle i møtet bør bidra til å marknadsføre arrangementet i eigne kanalar.

#### Innstilling:

Saka legges fram uten innstilling

## Bakgrunn

Vestlandsrådet arbeidsutval beslutta i møte 02.05.2024 at Vestlandsrådet å ha eit fagleg arrangement under Arendalsuka 2024, med følgjande vedtak;

"Vestlandsrådets arbeidsutval vedtek at Vestlandsrådet skal delta i Arendalsuka 2024 med eit fagleg arrangement med arbeidstittel «**Hydrogen, fremtidens energibærer – hvem skal bære den frem? Eller gjøre jobben?**»

Tidspunkt for arrangementet er måndag 12. August kl. 10:30 – 11:30 (12:00), ombord i Ryger Elektra."

I møtet legg vi opp til ei drøfting om innhald og opplegg i arrangementet. Prosjektleder næringsstrategien Iver Jan Leren; vil innleia og orientere om:

- Foreløpig program
- Samarbeid med Norsk Hydraulikkforum om arrangementet
- Markedsføringspakke for arrangementet gjennom pakke i DN, som sikrer noe medieomtale

I tillegg vil det være naturleg å drøfte fylkesordførarane si rolle i arrangementet.

Toril Hovdenak  
fylkeskommunedirektør